



May 2005

Glimt frå lokalhistoria

AMERIKANERAR FINNER RØTENE SINE

Den første Halvor Andersen i Melaaslia kom frå Furelanda ved Bodø. Han gikk heile vegen. Då han kom til Gjerstad var han vel noke nedgåt, for det er langt å gå, men dei var vânt til å bruke beina den gongen. Halvor fekk teneste på Lunde som var prestegods og enke-sete, og der fekk han kjerring au, Asborg Knutsdotter hette ho. Ho var fødd i 1764 og var 4 år yngre hell Halvor. Dei fekk Anders Halvorsen som fekk Halvor Andersen som døde 40 år gamal av lungebetennelse 1877, frå Aslaug Jensdotter Ormkleiv og seks bonj. Den eldste, Anders Halvorsen, f. 1860, blei gift med Maren Rørkjær i Sønedeled.

Dei hadde fire døtre då Anders reiste til Amerika, våren 1893. Der kom Anders så pass til gongs, at utpå høsten kunne Maren reise etter med dei fire bonja. Den minste var bare to år, og den femte blei fødd i Amerika då dei kom fram/ Ho het Selma Pauline og blei gift med ein kar som het Raymen Castle. Dei hadde søner, Tom og Carry, og dessa kom inn i butikken ein dag midtsommars i 1976 og spurte høre Melloslia var, og Agnes Osmunddalen budde.

Me sendte dei til Landsverk, for jentene til Fredrik, Johanne og Jorunn var heime og snakka engelsk som dei lite skulle ha dreve med anna, og dei viste veg til Agnes, og då var dei bergja.

Her står dei på Landsverk. Frå venstre: Jorunn, Johanne, Tom, Agnes, Carry og Olava Landsverk, og stas var det.

Sia var Agnes og Arne Osmunddalen to vending til skyldfolka i Amerika, så til gravene til Anders og Maren, lydast til mange av etterkomerane og budde for det meste hos Anders nest eldste dotter, Alma Helene. Agnes har mange bilder frå Amerika, og brev heilt frå det første Anders og Alma var der og fram til nå.

Informant:
Agnes Osmunddalen,
som kan mykje meir